



3 huldre i aksjon på Helgheim

Like før dei 3 huldrene starta førestellingen sin i Helgheim i kveld sneik ein kvit katt seg mjukt rundt novene og nokon kvar kunne lura på om det var den annonserte svenskehuldra som hadde omskapt seg. Men så kom ho ljøs levande og sprudlande blant oss og heldt det gåande i nesten halvannen time - Maria Malmsten saman med Magdalena From Dells og Tiril Eirunn Einarsdotter. Det var ein imponerende prestasjon som diverre samla berre 20 betalande. Dette spørsmålet kan difor vera på sin plass: Er uskedelingane kulturtrøyte?



Her ligg kultursjefen tynt an...

Maria hadde skreve kvart ord sjølv og det var ein spennande miks av norske og svenske huldefortellingar supplert med Magdalenas spreiske dans, Marias eigen vakre song og Tirils talentmette fiolinspel. Her møtte vi både den tradisjonelle og den meir moderne huldra og fekk mange gode råd som vi bør leggja oss på sinne. Til dømes er det fornuftig å nytta huldreuro og tella ungane før dei legg seg om kvelden. Vi går ut ifrå at Maria gjer det, for ho har 6! Like viktig er det nok å telle sauane i desse sankingstidene.

Ellers er det generelt lurt å spela på lag med hulderfolket ellers kan det gå riktig ille.

Dei 3 huldrerne utfylte kvarandre godt både med song og spel i tillegg til den munnlege framstillinga. Dei har opplevd svært bra frammøte i Ølve, Rosendal, Halsnøy og på Stord og i Helgheim var dirigent Maria nærmast på heimebane. Dialogen med publikum var naturleg nok tett, så tett at kultursjefen vart bortført av huldra heilt på slutten. Heldigvis dukka han opp att med blomar. Men huldra Magdalena vart borte, ho hadde nok gått inn i berget att, kanskje saman med den kvite katta?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Huldreuro presentert og testa på Helgheim